

# Tilsynsplan for små avlaupsanlegg i Sogndal kommune, 2019 - 2025

## Innleiing

Tilgang til reint vatn er ein viktig ressurs, og ureining av vatn er knytt til fortetting og menneskeleg aktivitet. I Sogndal kommune er det relativt god tilgang på reint drikkevatn, og mange vassførekomstar har god miljøtilstand. Utslepp frå spreidde avlaup, små avlaupsanlegg mindre enn 50 PE, er ei av fleire kjelder til ureint vatn, og kan føre til eutrofiering og därlege forhold for dyr og planter i vatnet, samt helsefare ved spreiling av bakteriar. Påverknaden frå spreidde avlaup kan vere med på å hindre at miljømål som er sett etter vassforskrifta ikkje blir oppfylt.

Målsettinga for tilsyn med mindre avlaupsanlegg er å sikre at dei ikkje førar til ureining eller helseplagar, og at alle krav i utsleppsløyvet vert etterkomme. Dette er nødvendig for å oppnå kommunen sine vedtekne miljømål. Tilsynet skal sikre brukarinteresser som drikkevatn, jordvatning, bading, rekreasjon og fiske, samt biologisk mangfald og gode miljøforhold i vassførekomstane. Tilsynet skal også sikre at anleggseigar sine investeringar gjev riktig utbyte.

Det finst nesten 1100 små avlaupsanlegg spreidd rundt om i kommunen, og tilstanden til desse er delvis ukjend. Sogndal kommune vil jobbe systematisk for å oppfylle sine plikter i forhold til forureiningsloven og forureiningsforskrifta, og dei mål som er sett for vassmiljø i regional plan for vassforvaltning i Sogn og Fjordane. Dette dokumentet skildrar status for spreidde avlaup i Sogndal kommune, korleis oppryddinga bør gå føre seg, og korleis kommunen kan sikre ein open, informativ og ryddig prosess og skape engasjement for eit betre vassmiljø.


## Ureiningslovgjeving

Vassrammedirektivet til EU er tatt inn i norsk lovgjeving gjennom vassforskrifta, som set forpliktande mål for miljøtilstanden i vatn. Vassforskrifta er utgangspunkt for den regionale vassforvaltingsplanen for Sogn og Fjordane, gjeldande frå 2016-2021, som har som mål at alle vassførekomstar skal ha tilstand god eller betre. Opprydding i spreidde avlaup er eit av tiltaka som er skildra i planen, og dette tiltaket ligg til kommunane som ureiningsmynde. Fullmakta til kommunen for å gjere tilsyn med avlaup er heimla i ureiningsforskrifta §12-2 og ureiningslova § 48-51. Kommunen har plikt til å gjere tilsyn for å hindre ureining og å bidra til klassifisering av miljøtilstand i vassførekomstar. Dette skal vere med på å oppfylle Noregs plikter jamføre EU sitt vassrammedirektiv.

Sogndal kommune vedtok i 2018 ei [lokal forskrift](#) som erstattar ureiningsforskrifta §12-7 til 12-13. Den lokale forskriften regulerer utslepp frå avlaupsanlegg <50 PE og stiller krav om utsleppsløyve, samt til dimensjonering, utforming og dokumentasjon av avlaupsanlegg. Forskriften legg opp til å følgje standardar frå Norsk Vann og VA- miljøblad (NKF og Norsk Vann) for krav til utforming og prosjektering av avlaupsanlegg, og legg desse til grunn ved tilsyn. Forskriften set og fast eit gebyr for eigara av små anlegg, regulert gjennom det kommunale gebyrheftet. Gebyret skal dekke kostnad ved tilsyn, og Sogndal kommune har avsett ressurs i 80% stilling for å utføre desse oppgåvene.

## Vassmiljø

Databasen Vann-nett (eigd av miljøforvaltinga i Noreg og NVE) inneholder informasjon om vassførekommstar i Noreg, om påverknader og miljøtilstand. Det er registrert 44 vassførekommstar i Sogndal, og av dei er det i vann-nett registrert 8 som har liten grad av påverknad av avrenning frå spreidde avlaup, mens 6 førekommstar har ukjend grad av påverknad (figur 1). Mange vassførekommstar er påverka av fleire faktorar, og tiltak innanfor eit område må sjåast i samanheng med andre sektorar. Det finst og små bekkar og grover som vi ikkje veit mykje om, og som kan vere utsett for lokal ureining.



Figur 1: Påverknader frå ulike kjelder på vassførekommster i Sogndal (henta frå vann-nett 26.09.2018).  
Påverknadsgrad (U=ukjend, L=liten, M=middels, S=stor).

Eit prosjekt i regi av Sogn og Fjordane fylkeskommune har kartlagd septiktankar i nærleiken (100 m) av vassførekommstar, og har funne at påverknaden frå spreidde avlaup er ukjent for dei lista opp i tabell 1.

**Tabell 1: Vassførekommstar (ferskvatn) i nedbørssfelt med ukjend påverknad frå spreidde avlaup**

Nedbørssfelt, ID	Vassførekommst, ID	Tal tankar	Utslepp (PE)	Samla økologisk tilstand	Tilstand basert på total fosfor
Kystfelt, 077.421	Ølmheimselvi og Fjellgrovi, 077.35-R	7	29	God	Ukjend
Fardalselvi, 077.4Z	Fardalselvi, 077.37-	35	99	God	God
Kaupangerelvi, 077.1B	Kaupangselvi midtre, 077.57-R	12	35	God	God
Kaupangerelvi, 077.1A	Kaupangelvi, bekkefelt, 077.61-R	21	64	God	God
Kystfelt, 077.2Z	Vestrheimslva/ Krokagrovi, 077-777-R	10	68	God	God
Årøyvassdraget/kyst, 077.31	Kvam/Ølnes, 077.46	18	81	God	Ukjend
Sogndalselvi, 077.3A	Sogndalselvi bekkefelt, 077.88-R	49	135	God	God
Sogndalselvi, 077.3C	Elvetilløp Dalavatnet, 077.45-R	11	23	Moderat	Moderat
Storelvi, 078.22	Tverrgrovi, 078.56-R	6	13	Moderat	Moderat

Kunnskapen om mange av vassførekommstane er mangelfull, og det er ofte knytt usikkerhet til data som ligg til grunn for tilstanden. Det bør gjerast miljøundersøkingar i vassførekommstane før eventuelle pålegg om utbetringar av avlaupsanlegg vert pålagd for å sikre at eit kostbart tiltak er nytig. Det kan også finnast vassførekommstar som ikkje har registrert påverknad, der det likevel er negativ påverknad frå spreidde avlaup. Auka kunnskap om vassførekommstane er naudsynt for å sette inn tiltak der det trengst. Sogndal kommune følger opp fleire vassførekommstar med vassprøvetaking årleg i regi av Indre Sogn vassområde. I tillegg vart det i 2018 i regi av vassområdeforvaltinga undersøkt fleire elver i Sogndal med mål å auke kunnskapsgrunnlaget. Tverrgrovi, Sogndalselvi og Fardalselvi vert undersøkt for begroingsalger, heterotrof<sup>1</sup> begroing, botndyr, vasskjemi og hydromorfologi<sup>2</sup>, og også fisk i Tverrgrovi. Supphellelvi og Storelvi i Fjærland vert undersøkt for vasskjemi og hydromorfologi. Elvene Reipa, Sagelva, Hundøla, bekk ved Kvåle, Selsengelvi, Vestrheimselvi, Krokagrovi vert og undersøkt for vasskjemi.

<sup>1</sup> Organismar som treng organisk stoff for å leve

<sup>2</sup> Samleomgrep på parameter som omtalar hydrologiske og morfologiske tilhøve i ein vasslokalitet

Tiltak for opprydding i spreidde avlaup jf. kap. 12 i Kaupangerelva har vorte sett i gang. Spreidde avlaup i nedbørsfeltet vart kartlagt av NIBIO våren 2018, på oppdrag frå Indre Sogn vassområde. Det vart gjort ei vurdering av tilgjengeleg data på vasskjemi, tilførselanalyse og tiltaksanalyse. Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) undersøkte 9 av 90 avlaupsanlegg, og fann at dei fleste var av typen slamavskiljar med utslepp til terren og infiltrasjon i spreiegrøft, men at dei hadde for lite grøfteareal. Årsaka såg ut til å vere at anlegga var 30 år eller eldre, og ikkje tilfredsstiller dagens krav til grøftestorleik eller tankstorleik. Dette kan føre til uønskt ureining ved overrenning eller auka gjentettingsgrad i infiltrasjongrøft. Miljøstatus for totalfosfor i Kaupangerelva er likevel god, og det er sannsynleg å nå miljømåla.

I 2013 undersøkte Rådgivende Biologer vassmiljø i fire elver i Sogndal, og konkluderte med at tiltak ikkje var naudsynte for tre av dei, sjølv om tilstanden ikkje var god. I Fardalselvi var avrenning frå spreidde avlaup ein mogleg årsak til dårleg tilstand, og tiltak er naudsynt.


Tverrgrovi og Fardalselvi har risiko for å ikkje nå miljømål grunna påverknad frå spreidde avlaup. Desse vassførekomstane bør undersøkast nærmare for å stadfeste påverknaden frå spreidde avlaup.

## Bakgrunnsmateriale

### Spreidde avlaup

I Sogndal kommune er det registrert om lag 1100 mindre avlaupsanlegg som handterer avlaupsmengder <50 PE, av ulike typar, storleik og alder (figur 2 a og b). Alle registrerte anlegg er knytt til interkommunal slamtømmeordning, som tømmer og registrerer manglar ved anlegga. Det har vorte gjort eit oppryddingsarbeid dei siste år for å registrere anlegg på rett adresse og med rett volum. Mangelliste vert overlevert kommunen årleg, og brev med pålegg om oppretting av manglar har vorte sendt ut sist i 2017.

Krav om utsleppsløyve for små avlaupsanlegg kom først i 1986, og gjeldande utsleppskrav i 2007, så det finst difor fleire lovlege anlegg utan utsleppsløyve. Det er stor grunn til å tru at mange av anlegga av eldre type ikkje er godkjende etter dagens krav til reinsing (ureiningforskrifta §12-8 og 12-9). I den lokale forskrifta har Sogndal kommune heimla rett til å krevje oppgradering på eksisterande anlegg om det er naudsynt for å oppfylle dagens krav til utslepp. Ein bustad med fem personar bør ha ein slamtank på storleik minst  $3,25\text{ m}^3$  ([VA blad 48](#)). Det vil seie at nokre avlaupsanlegg truleg har for liten slamtank i forhold til bruken.



Figur 2: a) Tal på mindre avlaupsanlegg med slamavskiljar av ulik storleik. b) Ulike typar avlaupsanlegg. Sogndal kommune.

## Strategi

Målet med tilsynet er å oppfylle lokale, regionale og nasjonale pliktar for vassforvaltning. Kommunal miljøforvalting skal bidra til å sikre god drikkevassforsyning, og hindre forureining i recipientar<sup>3</sup> ved å:

- Føre tilsyn med alle avlaupsanlegg med mindre enn 50 personer knytt til seg og sørge for at desse anlegga ikkje fører til forureining eller helseplager
- Behandle søknader om utsleppsløyve etter forureiningsforskrifta kapittel 12
- Gje rettleiing til anleggseigarar
- Kartlegge ureining frå små avlaupsanlegg
- Kartlegge private drikkevasskjelder
- Administrere felles slamtømmeordning (SIMAS)

Ved utbetring av avlaupsanlegg har Sogndal kommune i prioritert rekkefølge kravd tilknyting til offentleg avlaupsnett om mogleg (Hovudplan for vatn og avlaup 2008-2019), installasjon av infiltrasjonsanlegg eller minireinseanlegg/lukka anlegg. Anlegg som kan førast inn på offentleg nett må identifiserast så tidleg som mogleg. Moglegheiter for felles anlegg kan og vere gunstig for anleggseigar med tanke på kostnader. Kommunen kan setje krav om felles løysingar i område der det skjer mykje utbygging. I område der det er planlagd offentleg avlaup, vil det verte gjeve pålegg om tilknyting når det vert bygd. Til no har det vore sanering av små avlaup i Fjøra og oppsamling av ureinsa utslepp mellom Shell og Stedje i 2011. Sogndal kommune har som mål å redusere tilførsel av næringssalt og organisk materiale til Sogndalsfjorden og Barsnesfjorden frå spreidde avlaup, og å ha kontroll over ureininga frå spreidde avlaup.

<sup>3</sup> Felles omgrep på bekk, elv, innsjø, hav, myr eller anna vasskjelde

## Organisering av tilsyn

Norsk Vann rapport 199 anslår at eit årsverk kan klare å føre tilsyn med 70-150 anlegg pr. år, avhengig av behov for oppfølging (Vogelsang et al, 2013). Dette krev at det blir gjort ei prioritering av anlegg eller område for tilsyn. Ved å definere tiltakssoner ut frå nedbørfsfelt der alle avlaup drenerer ut i same recipient, kan sonar verte prioritert ut frå tilstand og brukarinteresser. Det er nytta innhenta informasjon frå Indre Sogn vassområde om avlaup som ligg nært vassførekommstar og har ukjend påverknad på desse, og data frå Vann-nett og NVE for å dele inn i soner (tabell 1). Det finst område i fleire nedbørfsfelt der spreidde avlaup ligg nærmere enn 100 m frå vassførekommstar, og der påverknaden er ukjend. Samstundes bør private drikkevasskjelder kartleggjast for å få kontroll over plassering av avlaup og brønnar i forhold til kvarandre, noko som kan vere eit godt verktøy for prioritering av tilsyn.

Prioritering av sonar og innanfor sonar kan vidare gjerast på bakgrunn av

- nærleik til drikkevatn (overflate, brønn, grunnvatn). Nærleiken til små drikkevassførekommstar er ukjend. NGU har kartfesta oversikt over grunnvassborehol nytt til drikkevassforsyning. Mattilsynet har oversikt over større vassforsyningar, men dei som forsyner enkelthus finst det pr. i dag ikkje noko oversikt over, og det er eit mål å kartlegge private drikkevasskjelder parallelt med tilsynsarbeidet
- nærleik til recipient med andre brukarinteresser, t.d. friluftsliv
- konfliktar
- biologisk mangfold – delvis ukjend, men overvaking i nokre recipientar.
- bustad tettleik – kartfesta
- alder på anlegg – kartlegging gjort, men ikkje lagt inn i forvaltingssystema
- meldingar frå innbyggjarar

## Gjennomføring av tilsyn

For å gjennomføre tilsyn ved dei mindre avlaupsanlegga bør informasjonen til anleggseigarar vere god gjennom heile prosessen, både under kartlegging, saksbehandling og overvaking. Informasjon om arbeidet og kva anleggseigar bør sjekke og melde frå om, vert sendt ut i samband med faktura. Investeringane ein anleggseigar kan bli pålagt kan vere store, difor er det viktig å formidle kva målet med tilsynet er og kvifor vi prioriterer som vi gjer. Kommunen ønskjer å oppfordre anleggseigarar til å sikre kvaliteten på eige avlaupsanlegg sjølv (sjekkliste og kontakte kommunen for råd/vegleiing), før vi gjer tilsyn og kjem med eventuelle pålegg.

Det kan brukast standard tilsynskjema (rapport 184 NV/ miljokommune.no), tilpassa kva fokus tilsynet har. Rutinar for registrering og prøvetaking, samt naudsynt utstyr og prosedyrar må utarbeidast. Det er ønskeleg å samarbeide med slamtømmefirma om utføring av tilsyn, for å få undersøkt anlegget i tom tilstand.

Tilsynet skal omfatte:

1. Kontroll av innsendt materiale: tømmerrapportar, servicerapportar, årsrapportar.
  - Sjekke journalar og registreringar for å få eit bilet av historia.
  - Vurdere tømmefrekvens, tilgjengelegheit og behov for reinhald.

- Stadfeste kva vassforsyning som finst- vurdere påkopling til offentleg nett
2. Kontroll av anlegg i spesielle områder
  - Kontrollbesøk / inspeksjon (sjekke no-situasjon).
  - Kontroll av anleggets tekniske stand ved tømming.
  - Prøvetaking av restutslepp og inspeksjon av utsleppspunktet til anlegget.
  - Vurdering av lukt eller anna sjenanse frå anlegget.
  3. Kontroll av spesielle typar anlegg (lite eigna anlegg, dårlig standard, eldre anlegg.)
  4. Revisjon av løyper, pålegg om tilknyting til offentleg nett.

Etter tilsyn:

- Pålegg om utbetring
- Fristar frå pålegg til søknad og/eller til gjennomføring av tiltak, med rimelege fristar
- Stille krav om ny søknad til utsleppsløyve
- Følgje opp utbetringar
- Rapport

#### Kva utslepp kan aksepterast?

Anlegga som har fått tilsyn kan delast inn i tre kategoriar (jf. Rapport 199, Norsk Vann) for å bestemme kva utslepp som kan aksepterast:

1. Tiltak ikkje naudsynt – anlegg er dimensjonert etter forskrifter, drifta og vedlikehalde, og har ingen påviselege verknader på miljø eller brukarinteresser.
2. Tiltak naudsynt – utslepp som klart påverkar miljøet eller brukarinteresser negativt.  
Dette kan vere anlegg av eldre dato, anlegg som ikkje tilfredsstiller krav til reining, underdimensjonerte anlegg, anlegg med dårlig drift/montering/vedlikehald, hytter med ulovleg innlagt vatn eller ulovlege utslepp.
3. Tvilstilfelle – ikkje godkjende anlegg, men heller ikkje påviselege verknader på miljø eller brukarinteresser. I denne kategorien er det viktig å sikre og grunngje avgjerder med bakgrunn i fastsette mål for tilsynet.

Vidare bør det differensierast mellom tidsfristar for utbetring av anlegg som oppgitt i tabell 2.

**Tabell 2: Klassifisering av anlegg.**

Kategori	Søknad om utsleppsløyve/ tilknyting offentleg nett	Utbetring innan
1 Reinseanlegg av nyare dato med god funksjon. Tilfredsstiller reinsekrava i ureiningsforskrifta.		-
1 Tilknytt kommunalt avlaup.		-
1 Bustad/hytte utan innlagt vatn. Krev ikkje utsleppsløyve.		-
2 A Anlegg med utslag til terren, bekk eller drengesgrøft, eller der det er påvist ureining av tarmbakteriar i nærliggande brønnar. Anlegget må snarleg utbetrast Bustad der det ikkje er registrert avlaupsanlegg.	3 mnd	1 år
2 B Anlegg som drener til vassførekommstar med dårlegare enn god økologisk tilstand grunna ureining frå avlaup, og som ikkje oppfyller reinsekrav i ureiningsforskrifta.	3 mnd	1 år
2C - Gamle avlaupsanlegg med slamavskiljarar i gammal/dårleg betong, med registrert vassoppstiving eller lågt vassnivå i slamavskiljar, eller kapasitetsproblem i reinseanlegget - Berre slamavskiljar med utslepp til ferskvann, ikkje registrert reinseløsing etter slamavskiljar. Ikke påvist vassutslag til terren eller bekk. Ikke påvist tarmbakteriar til nærliggande brønnar. - Eldre sandfilteranlegg, eller infiltrasjonsanlegg med kapasitetsproblem.	1 år	2 år
2D Anlegg som ligg i rimeleg nærleik til offentleg nett	6 mnd	1 år
2/3 - Separat klosettløysning med eldre reinseanlegg for gråvatn - Gamle slamavskiljarar for alt avlaupsvatn, men ok vassnivå og registrert reinseløsing etter slamavskiljar. Ikke påvist vassutslag til terren eller bekk. Ikke påvist tarmbakteriar til nærliggande brønn	1 år	5-10 år
3 Dårleg fungerande anlegg, men med svært lav belastning (1 eldre bebuar). Utbetring av anlegget vert tilrådd, men kan moglegvis utsettast til eigarskifte. Det vert då lagd klausul på eigedomen.	-	-
3 Midlertidig utsetting kan vurderast etter søknad. Døme på slike tilfelle kan vere dødsbu, ubudde/mellombels fråflytta hus, kondemnable bygg.		

### Framlegg til framdriftsplan

Basert på miljødata frå vann-nett, fylkeskommunen si undersøking av avlaup i nærleik til vassførekommstar og mangelliste frå slamrenovatør er eit forslag til prioritert rekjkjefølgje på tilsyn vist i tabell 2. Sogndalselvi er resipient for mange hus og hytter, samtidig som elva enno er reservedrikkevasskjelde for Sogndal, og dette nedbørsfeltet bør prioriterast for tilsyn. Vidare er Kaupangerelva og Fardalselvi prioriterte nedbørsområde. Kystfeltet i Barsnesfjorden (Kvam/ Ølnes) er vurdert å vere den mest sårbare sjøresipienten.

Alle anlegg med manglar og klagar vert følgt opp fortløpande, og også innanfor kvart av dei skisserte sonene vil det vere naturleg å starte med tilsyn ved dei anlegg som har manglar. Det bør utarbeidast ein konkret framdriftsplan, basert på soneinndeling, miljømåla i regional vassforvaltingsplan, tilstand på avlaupsanlegg og kapasitet for saksbehandling og tilsyn.

**Tabell 2 Soneinndeling og forslag til prioritering av tilsyn innanfor soner. I parentes omtentleg tal på anlegg**

Sone	2019	2020	2021	2022	2023-2027
1 Sognalselvi	Anlegg <100 m frå vassførekost (74)		Prioriterte anlegg		Prioriterte anlegg
2 Kaupangselvi		Alle tankar <100 m frå vassførekost (33)		Prioriterte anlegg	Prioriterte anlegg
3 Fardalselvi		Alle tankar <100 m frå vassførekost (35)		Prioriterte anlegg	Prioriterte anlegg
4 Storelvi		Alle tankar <100 m frå vassførekost (6)			Prioriterte anlegg
5 Kystfelt, Kvam/Ølnes (Barsnesfjorden)			Alle tankar <100 m frå vassførekost (18)		Prioriterte anlegg
6 Kystfelt Ølmheimsgrovi			Alle tankar <100 m frå vassførekost (7)		Prioriterte anlegg
7 Andre nedbørsfelt/kystfelt					Prioriterte anlegg

Etter kommunesamanslåinga vil det vere trond for ei tilsvarende vurdering av vassområda i Leikanger og Balestrand. Planen bør reviderast kvart 6 år, der ny kunnskap om vassførekostane og dei små avlaupsanlegga takast inn i planen. Den bør og koordinerast med rullering av ny vassforvaltingsplan for Sogn og Fjordane.